

AVTALE

Mellom Hopland Felles, eigar av gnr. 172, bnr 1, 2, 3, 4, 6, 8, 9 og 10

Og

Lindås kommune

1. Felleseiga Storskjeret, valleplassrett, vegrett til strandsona og ev. alle andre særrettar Hopland Felles har på Fisketangen gbnr 172/96, vert bytta mot området AN2 vist i kommuneplanen sin arealdel. Avtalen gjeld ikkje for området til gbnr 172/72 som ligg innanfor AN2. Hopland Felles er kjend med at gbnr 172/32 har ein evigvarande bruksrett til tomt for naust innanfor området AN2, datert 19.12.77.
2. I kommuneplanen ligg det eit plankrav innanfor området AN2 og det skal utarbeidast ein reguleringsplan for området. Det er eigar av området som ber alle kostnadar og risiko knytt til ein reguleringsplanprosess, og gjennomføring av denne. Dette gjeld all risiko for eventuelle offentlegrettslege prosessar.
3. Ei utbygging innanfor området AN2 skal opparbeidast frå sjøsida, og eigar har ikkje rett til å nytte bil/traktor eller anna motorisert kjøretøy eller utstyr inne i friluftsområdet gbnr 172/96.
4. Eigar får rett til å etablera ein enkel grusa gangsti med maksimum breidde på 1 meter frå eksisterande parkeringsplass på gbnr 172/96 og ned til området AN2. Plassering av gangsti skal konkretiserast gjennom ein reguleringsplan. Ei etablering av gangsti er under føresetnad at det blir godkjent bygging i området.
5. Ein føresetnad for å godkjenne denne avtalen er at det blir gjeve samtykke frå Miljødirektoratet/ evt. anna ansvarleg statleg instans, jfr klausul i skjøte for gbnr 172/96 datert 30.04.73. Endelig avtale skal godkjennast av kommunestyret.
6. Om avtalen ikkje vert godkjent vil Hopland Felles sine rettigheter på friluftsområdet forbli som før.

Isdalstø

.....

Lindås kommune v/ordfører

.....
bnr. 1 bnr. 3 bnr. 6 bnr. 9

.....
bnr. 2 bnr. 4 bnr. 8 bnr. 10